



www.lom.no • www.visitjotunheimen.com

Foto: Anders Gjengedal / Innovasjon Norge, Øyvind Wold / Design: Lovelierje, Layout og trykt Reklamhuset Vera, Tekst: Athene/Ashild M. Arnundsen

KLAR FOR FLEIRE TURAR?
Gratis kart over turstiger i Bøverdalen, fiske på Skim og sykkelruter i Ottadalen.

Kontaktinformasjon:
Turistinformasjonen tlf. 61 21 29 90
Norsk Fjellmuseum / Nasjonalparksenteret tlf. 61 21 16 00

Lom

LOM NASJONALPARK KOMMUNE **LOM NASJONALPARK LANDSBY**

Sykling i og rundt nasjonalparklandsbyen

Lom sentrum, Fossbergje, er ein av fem nasjonalparklandsbyar i Noreg og ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen.

Nasjonalparklandsbyen ligg flott til under mektige Lomseggen. Vil du oppleve nasjonalparklandsbyen og kringliggende område frå sykkelsætet, har vi utarbeidd fire rutetips for deg – i flott kulturlandskap, langs gamle ferdss vegar, i seterlandschap og i kombinasjon med ein topptur til Glittertind!

Ruter:


1. Flålypa rundt
2. Liarunda
3. Bøverdalen
4. Til Glitterheim

Highlights:

A Andvord gard	E Badeplass	J Fisking i Dalsvatnet
B Tor Jonsson stugu	F Haukdalen	K Sagasøyla
C Nordgard Aukrust /Lyvjaberg	G Kollavegen	L Glittertind
D Flålypa	H Hamsunstugu	M Sykkeltur i Jotunheimen nasjonalpark
	I Seterlandschap	N Glitterheim

Hovedrute **Alternativ rute**





1 Flåklypa rundt

På turen kan du besøke urtehagen på Nordgard Aukrust, sjå bu-staden til diktaren Tor Jonsson og oppleve kulturlandskapet som inspirerte Kjell Aukrust.

1a Flåklypa rundt (20 km):

Frå Lom sentrum tek du vegen til høgre opp for Norsk Fjellmuseum, forbi Storstaburet til du møter den asfalteide Solsidevegen. Følg vegen til venstre. Du syklar forbi Andvord Gard, den gamle tingstaden i Lom. Den herskapelege garden er ope i periodar som vanleg hotell. 200 m etter Andvord Gard passerer du husmannsplassen der diktaren Tor Jonsson budde (skilta).

Turen går gjennom eit levande kulturlandskap med utsikt innover Bøverdalen. Etter 7 km kjem du til Flå/Flåklypa. Truleg henta Kjell Aukrust ideen til filmsuksessen «Flåklypa Grand Prix» herifrå.

I Flåklypa møter Solsidevegen fv. 55. Du kan sykle same veg attende, eller ta til venstre og følg fv. 55 til Lom sentrum. Ver merksam på at dette er ein trafikkert veg.

ALTERNATIV

1b Over Martsteinsbrua (7,5 km):

Etter 3 km langs Solsidevegen, kjem du til ein liten bakke. I botnen av bakken tek du til venstre ned Marsteinbruvegen, over brua til fv. 55 og attende til Lom sentrum. Det er slakk nedoverbakke attende til nasjonalparklandsbyen.

INFO

Vanskegrad:

Lett tur

Trafikk: Noko trafikk på Solsidevegen. Fv. 55 er trafikkert.

Underlag: Grus, asfalt

Highlights: A Andvord gard

B Tor Jonsson stugu

C Nordgård Aukrust /Lyvjaberg

D Flåklypa



2 Liarunda

På denne turen syklar du langs Ottavatnet. Her kan du bade fleire plassar. Ved naturreservatet Åsjo kan du vere heldig å sjå fugl, rådyr og elg.

2a Liarunda (18 km):

Frå Lom sentrum syklar du mot Vågå og tek ned til venstre ved klatretårnet, og over Tronobrua. Etter 7 km kjem du til krysset ved Sandviksberget. Sjå alternativ 2b for ruta om Flatmogrenda.

Vidare på Solsidevegen kjem du til «Honnkrysset» der du tek til høgre. På ein varm sommardag er det fint å ta eit forfriskande bad i elva. For ein forlenget tur, sjå alternativ 2c.

Fortsett over bruhaugen, opp til rv. 15. Følg vegen attende mot Lom og ta Øvergrendsvegen inn til venstre. Gang- og sykkelveg til Lom sentrum. På høgre side ligg naturreservatet Åsjo som har eit rikt fugleliv.

ALTERNATIV

2b Over Flatmogrenda (27 km):

Opp Flatmogrenda er det bratt stigning. Her kan du besøke Haukdalen, Kitty Wenzel sin kunstnarheim på turen. Nede på Solsidevegen att, syklar du attende mot Lom over Lia bru.

2c Kollavegen til Gjøheim (37 km)

Litt opp i bakken etter bruhaugen kan du forlenge turen langs Kollavegen. Dette er ein gammal freda ferdelsveg, godt beværa med imponerande murar og stabbestein. Når du kjem ut på rv. 15 kan du ta 1,4 km retning Vågå til Kvila Turistheim og Skogheim Kafe før sykkelturen går attende. Her passerar du Hamsunstugu. Sykle same vegen attende, alternativt rv. 15 (sterkt trafikkert)

INFO

Vanskegrad:

Lett, litt kupert (avstikkar 2b: bratt) (avstikkar 2c: flatt /lett)

Trafikk: Rv 15 trafikkert. Elles noko trafikk på dei mindre vegane

Underlag: Asfalt for det meste, grus på avstikkarvegane

Highlights: E Badeplass

F Haukdalen

G Kollavegen

H Hamsunstugu



3 Bøverdalen – tur i seterlandskap

Ein tur langs setergrenda Netoseter og Dalsvatnet på 800 meters høgde. Ta med fiskestanga så kan du kanskje ordne middagen sjølv.

3 Bøverdalen (30 km):

Med buss eller bil frå Lom sentrum kan du starte sykkelturen på Leirmoen (24 km frå Lom). Sykkelen tek du med på bussen mot betaling. Bil: Høve for parkering over vegen for Leirmoen camping, ikkje merka.

Frå Leirmoen tek du vegen til Kvandalsvoll og syklar i oppoverbakke ca 2 km før det flatar ut (alternativt: køyr opp med bil og parker ved bommen). Du syklar i landsbruks- og seterlandskap store delar av turen. Langs Dalsvatnet er det mange fine plassar å raste og fiske (hugs fiskekart). Etter ca. 13 km er det to km med stigning opp til Høydalsvatnet. Syklar du same vegen i retur til Leirmoen unngår du mykje trafikk. Alternativt fortsett du til fv. 55, tek til venstre attende til Leirmoen. Her passerar du Elvesæter Hotell med den karakteristiske Sagasøyla.

INFO

Vanskegrad:

Krevjande / middels (mogleg å dele ruta inn i mindre etappar)

Trafikk: Lite trafikk langs setervegen / sterkt trafikkert langs fv. 55.

Underlag: Asfalt, grus

Highlights:

I Seterlandskap

J Fiske i Dalsvatnet

K Sagasøyla



Foto: A.K. Flaksvøy



Foto: Tore Røken/Nord-Norge AS - Visitnorway.com



Foto: Bjørn Osen



4 Til Glitterheim

På sykkeltur i Jotunheimen nasjonalpark. Kan gjerne kombinerast med overnatting på Glitterheim og topptur til Glittertind (2464).

4a Glitterheim (7 km ein veg):

Frå Lom køyer du bil i retning Vågå og deretter Fagernes, langs fv. 51. På Randsverk følger du skilting til høgre mot Glitterheim, frå fylkesvegen til parkeringsplassen ved nasjonalparksgrensa. Det er fint å sykle / gå fram til DNT-hytta. Flott i kombinasjon med fjelltur på Glittertind og overnatting på Glitterheim. Glitterheim tilbyr sykkelutleie ved bommen (75,- kr pr veg nasjonalparksgrensa/Glitterheim).

ALTERNATIV

4b Randsverk-Glitterheim (30 km ein veg)

Ynskjer du ein lengre tur, kan du sykle setervegen frå Randsverk til Glitterheim. Frå Randsverk går vegen skiltet til Glitterheim. Grusveg, i bra stand (bomveg). Vegen går gjennom seterlandsskap. Kupert.

Tips! Det er også mogleg å sykle frå Glitterheim – Veodalen – Smådalen – Smørlia – Foss – Soleggan og ende opp i Lom. Ta kontakt med beteninga på Glitterheim for meir info.

INFO

Trafikk:

Lite trafikk fram til nasjonalparksgrensa. Bilfritt i nasjonalparken.

Grusveg

L Glittertind

M Sykkeltur i Jotunheimen nasjonalpark

N Glitterheim



Foto: Aud Kamme



Foto: Kjetil Vold



Foto: Øyvind Wold



Foto: Jotunheimen Bio og Fjell AS



Foto: Øyvind Wold